

Hvor du er skjøn

Harstad:

Audun Iversen toppa konserten med Vokal Nord med ei skakande vakker framføring av Griegs fire salmar.

Anmeldelse

Kåre Torvanger

At Vokal Nord har etablert seg som eit toppkor i landsdelen var noe som kom tydleg fram på den siste konserten under festspela. Dei har kontroll på eit breitt spekter av virkemiddel og maktar på den måte å skape musikk med uttrykk og som fenger.

Spesielt utnytta dei den dynamiske spennvidda slik at dei forsterka dei musikalske linjene med kraftige toppunkt og elegante, knapt hørbare avfraseringar. Koret beherska også ei moderne tonespråk og har utforska og leika seg med ulike klangideal. Det som kom fram på denne konserten, var yttarst konsentrert og verknadsfullt der dei også var innom ein tonalitet som kan virke svævande. Smakfulle innslag av joik i kor gjer at Vokal Nord ber namnet sitt med rette.

Heilskap

Det var ein fin heilskap i konserten som fylte vel ein time som er nok for ein konsert rundt midnatt. Koret avslutta slik dei begynte i mørket langt bak ved altertavlene med lågmælte satsar. O Magnum Mysterium av Morten Lauridsen sette oss i den rette sakrale stemninga- svært vakkert -, medan Olivier Messiaens O Sacrum Convivium sende oss ut i den kjølege sommarnatta med same kjensle, men med ei stor konsertoppleving rikare.

Jan Sandstrøms Biegga Luothe var ein frisk kontrast til den første med store dynamiske virkemiddel, solistiske innslag av joik, kontrastar i syngemåte, tromming og fjern song. Eit interessant verk som var godt



VERDIG: Audun Iversen og Vokal Nord med Ragnar Rasmussen til dirigent sette eit verdig punktum for årets festspel. Foto: Kåre Torvanger.

gjennomført. Det same kan seiast om Sven-David Sandstøms Hear my prayer, O Lord. Eit uttrykk frå seinrenessansen med fleirfaldige stemmer som flettar seg som ei havflate med eit mangfald av skiftande bølge-toppa blir avløyst av ein trist parti – crying høyrast i teksten – der både klang og tonalitet fell saman og visnar. Men verket slutta ganske friskt.

Kraftfullt

Hovudverket, Griegs fire salmar, vart også høgdepunktet på denne konserten. Det skuldast ikkje minst Audun Iversens vake, uttrykksfulle og berande stemme. Hans myndige og stolpefaste røyst som så klårt formidla melodien og teksten var ein nydeleg kontrast til korets dels heftige og dynamisk vavittige kommentarar slik dei kom fram i til dømes Guds Søn har gjort meg fri. Det er ein fryd

å oppleve kor godt utøvarane utnyttar og pleier den organiske samanhengen mellom kor og solist. Hvad est du dog skjøn er nydeleg gjennomført og bygger opp til den friske og optimistiske Guds Søn har gjort meg fri. Jesus Krist er opfaren er den mest innvendte. Her tok koret likevel godt vare på intensiteten med ei vakker dynamisk og energisk frasering. Så løftast alt til I Himmelen. Audun Iversens utstråling og korets musikalske og dynamiske oppfølging gjer den kjende salmen til ei fantastisk oppleving. For ei tyngde, for ei kraft, for eit løft!

Herfrå var det vanskeleg å gå vidare. Warning to the rich av Tomas Jennefeldt var eit litt underleg verk med ei oppdelte og bevegeleg oppstilling av koret. Mellom anna vandra ein bass i midtgangen som ein «vred profet» medan han halvsong ein formanande tekst frå Jokobs

brev. Kanskje sopranane her var for rå i si kraft ein annan stad.

Spennande

Eit nytt verk av dirigent Ragnar Rasmussen stod som det andre høgdepunktet på konserten. Det er eit verk han har jobba mye med og prøvd ut på Vokal Nord. Og det er blitt eit spennande og smakfullt verk med ein konsentrert dramaturgi der han utnyttar songarane og korets klanglege moglegheiter. Wachet auf! som det heiter, vekker assosiasjonar til Bach og hans kantate, og sitatar frå den er brukt. Men også hans komposisjonsteknikkar er mye i bruk slik han i eit parti snur og vender på mellom anna tone-rekka b-a-c-h. Resitert Fadervår kaotisk på fleire språk endar opp med joik og ei nydeleg harmonisk klangflate der mellom ei runetromme set rytme. Slutt-

partiet er vakkert og i ei optimistisk stemning med eit samisk kjennemerke.

Konserten sette eit flott og verdig punktum for Audun Iversen som festspelprofil. Konsertane hans har gjeve minner vi kan leve lenge på. Han kan vite at byen er stolt av han når han opererer på dei ulike operascener rundt omkring i utlandet.

KONSERT:

FINN 2010
Griegs fire salmer



Vokal Nord møter Audun Iversen
Trondenes kyrkje
Laurdag kveld
Publikum: 300(fullt)